



Gulen kyrkjelydsblad

Nr 3

September 2016

59. årgang



Frå kyrkjelydsturen til Solund i juni. Sjå meir inni bladet. Foto BMH

REDAKSJON: Anne R. Tveit, tlf. 48228353. Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik anne.ryssdal.tveit@eninvest.net

KORREKTUR: Marit Sandal, 5966 Eivindvik Tlf. 57784129 / 95997182

BANKGIROKONTO: 3817 15 51282
Kontingenten er fri.

TRYKKERI: Norengros, 3701 Skien

SOKNEPREST i GULEN, BREKKE OG MJØMNA SOKN: Jens Linde, 5966 Eivindvik. Tlf. 97509035
jens.linde@gulen.kyrkja.no

KYRKJEVERJE: Trude Brosvik, 5966 Eivindvik, Tlf. 57782090/91314389
post@gulen.kyrkja.no Kontor:Ikkje onsd.

KONTORPERSONALE:
Margrethe Skåden, Tlf. 57782093
Kontortid torsdag kl.12.40-16.00 og fredag kl.08.00-12.00.

ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy, 5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

SOKNERÅD/FELLESRÅD:
Gulen sokn: Irene Mongstad. Tlf. 91151993. irene.mongstad@eninvest.net

Brekke sokn: Cathrine Waage Tveit. Tlf. 91759076. cawaatveit@hotmail.com

Mjømna sokn: Bente Haugen. Tlf. 99264861. bente.haugen@eninvest.net

Fellesråd: Målfrid Undertun. Tlf. 41610983. malfrid.undertun@eninvest.net

KYRKJA SI HEIMESIDE:
www.gulen.kyrkja.no

FACEBOOK: Viss du er på Facebook, kan du gå inn på «Kyrkja i Gulen» og «like» sida vår. Her legg vi ut informasjon fortløpande om ting som skjer, for eksempel om endringar som er komne til etter at siste blad gjekk i trykken. Kyrkjekontoret er redaktør for både heimesida og facebookside.

Redaksjonen

Ein sommar er over

Sjølv om vi til tider omtrent har «regna bort», så har vi like fullt kunna glede oss over lyse dagar og kveldar, hyggelege sommarbesøk og kanskje ein opplevingsrik ferietur.

No håpar vi på ein god haust med lagleg vær og gode avlingar.

På midtsidene i dette bladet finn du ein giro som vi svært gjerne ser du bruker. Sjølve bladet blir laga på dugnad, men trykking og porto må dekkast, og kassa er snart tom.

Neste nummer kjem i oktober.

Frist: 25. september.



Har du ikkje fått kyrkjelydsbladet?

Både frå Mjømna og Brekke har redaksjonen fått melding frå enkelt-personar som ikkje fekk utdelt førre nummer av kyrkjelydsbladet.

Det er soknerådet som organiserer dugnaden med utdelinga, så ta kontakt med soknerådsleiar dersom du ikkje har fått bladet.

Stillhetens gave!

I evangeliene leser vi om at Jesus går opp i fjellet for å be.



Når han står overfor store oppgaver i sin tjeneste for denne verden, søker han først Gud i stillhet og bønn! Jesus hadde et svært aktivt liv. Hele tiden var han på farten. Han forkynte, helbredet syke og samtalte med mennesker. Han gikk på gudstjenester og deltok i selskap. Folk spurte etter ham hele tiden, og hadde store forventninger. Men midt i en åndeløs aktivitet hører vi et rolig åndedrag. Omgitt av timers bevegelse finner vi tid i bønn og stillhet. I hjertet av alt engasjement som Jesus hadde, finner vi ord om å trekke seg tilbake: *Han gikk opp i fjellet for å be.* Jesus trekker seg tilbake for å være alene i bønn og tilbedelse. I møte med de store utfordringene, i møte med de mange forventningene

og oppgavene, oppprioriterte Jesus stillheten og bønner.

Når han stod overfor de mest avgjørende valgene i sin tjeneste, brukte han hele natten i bønn og stillhet for å bli ett med sin Fars vilje!

På det stille stedet fant Jesus mot til å følge Guds vilje og ikke sin egen.

På det stille stedet fikk han kraft og mot til å tale Guds ord og ikke sitt eget.

Han fikk kraft og mot til å gjøre Guds arbeid og ikke sitt eget.

På det ensomme, stille stedet, i samvær med sin himmelske Far, blir Jesu tjeneste for denne verden født.

Det var på det stille stedet at Jesu identitet som Guds sønn vokste.

Det var her Jesus vokste i erkjennelsen av at all kraft han hadde, var gitt ham, at alle ordene han sa, kom fra Hans Far, og at alle gjerninger han gjorde, egentlig ikke var hans, men verket til Han som hadde sendt ham. På det stille stedet ble Jesus gjort fri fra denne verdens forventninger og krav.

Nå handlet det ikke om hva verden forventet, men det handlet om hva Gud hadde tenkt å gjøre igjennom sin Sønn i denne verden!

I dag inviterer Gud oss inn i bønn og stillhet fordi han elsker å være sammen med oss og å gi sin velsignelse til oss!

I stillheten utruker han oss samtidig til tjeneste og sender oss ut til mennesker med budskapet om hans frelsende kjærlighet og nåde.

Jens Linde

Prestetenesta

Det er frå 1. september gjort endringar i prestetenesta og ansvarsdelinga i Solund, Gulen og Masfjorden.

For oss blir endringa god, på den måten at det blir éin sokneprest som har ansvaret for alle sokna i kommunen. Det blir litt enklare for folk å forhalde seg til, og vil nok også gjere samarbeidet tettare.

Dette er ingen kritikk til Bjørn Magne Hansen og Audun Systad, som har hatt hovudansvar for Mjømna og Brekke fram til no. Dei har gjort ein god jobb og har vore godt likte i sokna. Det gledelege er at dei nok vil ha ein del tenester her framleis.

Men Jens Linde blir altså sokneprest med hovudansvar for Gulen, Mjømna og Brekke sokn, i tillegg til Solheim sokn i Masfjorden.

Bjørn Magne Hansen vil halde fram med Solund, og også ha ansvaret for Sandnes og Frøyset sokn.

Audun Systad er sokneprest i Hyllestad, og vil i tillegg ta enkelttenester i Solund, Gulen og Masfjorden.

Det er ønskjeleg med ein eigen prest i kvar kommune. Dersom vi skal få til det, må kommunane vere med på å spleise på siste halve stillinga.

Det blir arbeidd med å få ei slik sak fram for kommunestyra i haust.

I så fall vil bispedømet gå inn med kr. 50.000,00 i lønsmidlar og ta utgiftene til reise, i eit pilotprosjekt fram til 2020.

Björgvin bispedøme er i ei alvorleg pengeskvis etter at m.a. arbeidstida til

prestane vart reforhandla og buplikta oppheva. Dei må kutte ca. ti stillingar dersom staten ikkje vil kompensere noko av bortfallet (og det er ikkje noko som tyder på at dei vil det, så langt).

Situasjonen lokalt, viss vi ikkje går inn med ein avtale om lokal finansiering, kan derfor fort bli at det i staden forsvinn ei ny halv stilling frå området. Det vil skje dersom bispedømet legg innbyggartal til grunn for kvar dei skal redusere.



Bispevisitas i haust

Detaljane i programmet for visitasen er enno ikkje heilt klare, men datoane er fastsette:

Visitas: 25.-27. oktober

Visitasgudsteneste: 30. oktober.

Visitasen omfattar både Masfjorden og Gulen, så noko blir felles og noko kvar for seg.

Vi har eit mål om at alle sokna skal få besøk.

Ein visitas skal innehalde møte med prestane og andre tilsette, møte med sokneråda og felleståda, og møte med frivillige.

Det er også viktig å møte dei styrande i kommunen. Målet med visitasen er at biskopen skal bli betre kjend med dei utfordringane sokna våre har, dei planane ein arbeider etter, og dei måtane ein arbeide på. Biskopen har «tilsyn» med sokneråda og prestane, og visitasen er ein del av det.

Vi legg òg opp til møte med både næringsliv, ungdomar, KRLE-lærarar og frivillige.

Som sagt; ikkje alt er ferdig planlagt, men noter deg likevel følgjande:

25. OKTOBER:

* **Brekke** (ettermiddag): Møte først med KRLE-lærarane, og deretter med alle konfirmantane i Masfjorden og Gulen.

* **Dalsøyra kl. 19.30:** «Frivilligfest» på Dalsøyra samfunnshus (for alle).

26. OKTOBER:

* **Byrknes bedehus:** Barne- og ungdomstreff/evt. familie gudsteneste.

* **Hosteland:** Felles soknerådsmøte.

27. OKTOBER:

* **Vidsyn:** Vi prøver vi å få til eit «frukostmøte» med næringslivet, på Vidsyn.

* **Frøyset kyrkje:** Gudsteneste, der alle pensjonistlaga vil bli spesielt inviterte.

30. OKTOBER:


Gulen kyrkje kl. 11.00: Visitas-gudsteneste. Etter gudstenesta er det visitasforedrag, og vi avsluttar med ein enkel kyrkjekaffi i kyrkja.

Det kjem meir informasjon etter kvart som programmet blir ferdig bestemt.

Dalsøyra bedehus 100 år

100-årsjubileet for Dalsøyra bedehus vart feira 26. juni, og avslutta med gudsteneste. Jostein Molde var organist, Audun Systad prest, Aage Olav Sandal klokkar og Kirsten og Jostein Ryland song. Takk til alle medverkande, både på kjøkkenet, med kaker og med organisering! Elin Systad Lihaug er leiar i bedehusstyret.





Tid for å repetere litt bibelkunnskap?

I oktober og november er det planlagt fem kveldar i Brekke bedehus med temaet «**Tid for tru**». Brekke sokneråd er arrangør, og sokneprest Audun Systad står for opplegget. Same opplegget har vore prøvd fleire andre stader, seinast i Hyllestad i fjor.

Mange av oss har ikkje eit nært forhold til Bibelen. Nokre har det. Ja, vi høyrer andakt, ja, vi «trur», men kan vi nok om det vi trur på?

«**Tid for tru**» er for dei av oss som ønskjer å vite meir, som vil ha litt hjelp til å sette «ting på plass» og hjelp til å bli betre kjent med Bibelen og Jesus.

Bibelen har vore svært viktig for kulturen i Noreg. Når vi skal møte eit mangfaldig land med folk frå mange kulturar, er det kanskje endå viktigare å vite meir om vår eigen? Før vart mykje av kristendoms læringa og trusopplæringa gjort gjennom skulen. Slik er det ikkje lenger. Så derfor ønskjer kyrkja deg velkommen til eit opplegg over fem kveldar. Set av datoane i kalenderen, og møt opp på Brekke bedehus. Samlingane startar kl. 19.30 og varer ca. to timar. Det er også sosialt, sjølvsagt!

Datoane er: 5. oktober, 19. oktober, 2. november, 16. november og 30. november.

Ein tidlegare deltakar seier:

I vinter deltok eg på **Tid for tru** i Hyllestad.

Dette vart ein annan måte å møtast på enn me oftast gjer når me går til kyrkje.

Eg er ikkje av dei som tykkjer det er kjekkast å sitje og sjå andre i nakken. Så det å samlast rundt eit bord, skaper trivsel. Ein sosial prat og eit enkelt kveldsmåltid, for så å lytte til presten si innleiing kring eit tema, og så samtale: Midt i blinken!

Her var det ingen «fasit», men det var rom for tru og tvil, spørsmål og refleksjonar.

Det finaste med samlingane, tykker eg, var kjensla av fellesskap og tilknytning. Kan anbefalast!!

Kirsten Gravdal Ryland

Konsert 13. november i Gulen kyrkje

Vi har fått tilbod om ein konsert med musikk av Gabriel Fauré søndag 13. november. M.a får vi høyre han mest kjende verk, *Requiem*.

Det er Norges Korforbund, Bjørgvin kirkesangforbund og Jølster Musikklag som har gått saman om å lage konserten. Konserten blir om kvelden. Følg med på plakatar for tidspunkt når det nærmar seg.

Kyrkjelydstur til Solund



Mjømna sokneråd hadde i fjor kyrkjelydsbesøk frå Solund.

I år var det gjensitt, og ca førti menneske (likt fordelte mellom kommunane) møttest til ein kjekk dag i Solund 13. juni.

I Solund var dei på besøk på Utvær, med tilbod om å gå opp i fyret.

Til og med ein sprek 85-åring var heilt til topps!

Deretter reiste dei til bedehuset på Indrevær, som heiter «David Lunds minne» og er oppattkalla etter ein misjonær frå Indrevær.

Her var det både andakt og kaffi med medbrakte kaker.

Besøket på Husøy kyrkjegard etterpå var svært interessant.

Og til sist samlast følgjet i Straumen og avslutta med middag i lag, før turen gjekk tilbake til Mjømna med rutebåten.

Sokneprest Bjørn Magne Hansen hadde mykje av ansvaret for planlegginga av turen, saman med sokneråda. Han var også ein fantastisk dyktig og kunnskapsrik guide gjennom heile dagen!

Og i ettertid har det berre vore vellæte over ein kjekk tur!

Slikt gjev meirsmak, så kanskje blir det ein ny tur neste år?



Vi dreg kjensel på to av turdeltakarane, Aage Olav Sandal frå Eivindvik og Sølvi-Ann Oddekalv frå Byrknes.

Gåver til Kyrkjelydsbladet

På midtsidene i bladet finn du denne gongen ein giro for innbetaling av bladpengar. Bladet vårt vert drifta på dugnad, og det har berre to store utgifter. Den eine er trykking, og den

andre er porto til dei som får bladet tilsendt i posten. For det meste er det utflytta gulingar som vil halde på kontakten med heimstaden, noko vi tykkjer er kjekt! I fjor bestemte vi oss for fargestrykk, og det kostar litt meir. Vi ber derfor om ei gåve til å drifte bladet. Nokre gjev jamt, andre i skippertak. Det er fint begge delar. No er det to år sidan vi hadde giro i bladet, og kassa er nesten tom. Gåva sender du til kontonr: 38171551282, merk «*Kyrkjelydsbladet*»



Konfirmantplanen

Vi held fram med fellesundervising av alle konfirmantane i Gulen.

Første samlinga blir i Eivindvik laurdag 3. september.

Nytt av året er at dei fleste undervisingstimane blir lagde til måndag ettermiddag/kveld. Det er fordi vi ikkje skal legge beslag på så mange helgar.

Den andre laurdagen blir 4. februar.

Presentasjonsgudstenester:

Brekke kyrkje: 11. september

Mjømna kyrkje 18. september

Gulen kyrkje 25. september

Jens Linde er konfirmantprest.

I tillegg leiger vi inn Maren Daae til å vere medhjelpar og til å ha noko av undervisinga.

Leiren på Alværa blir 17.-19. mars.

Konfirmasjonsgudstenester 2017:

Gulen kyrkje 30. april

Mjømna kyrkje 14. mai

Brekke kyrkje 21. mai

Konfirmantane skal møte på åtte gudstenester i løpet av året, og dei vil få ein del tenesteoppgåver både gjennom soknet og gjennom samarbeid med Frivilligsentralen. Til saman utgjer konfirmantopplæringsplanen 63 timar.

Teater i Gulen kyrkje

Torsdag 1. desember kjem Sogn og Fjordane teater til Gulen kyrkje med forestillinga «Mirjam, ammen».

Framsyinga er Håvard Rem si gjenforteljing av juleevangeliet.

Meir informasjon i neste nummer, men dette blir kjekt å få med seg.

Kanskje noko for skulane å legge inn i planane sine også?





Vassposten på Gulen kyrkjegard

Ein av finevêrslaurdagane i sommar grunna soknerådsleiaren og kyrkje-verja vassposten. Deretter tok den driftige og praktiske soknerådsleiaren, Irene Mongstad, kosten i eigne hender og fullførte målarjobben av vassposten. Stor takk for jobben!

Den keltiske krossen



Endeleg er det litt godt nytt om den keltiske krossen i Eivindvik, som blei øydelagd for nokre år sidan. Før ferien hadde Riksantikvaren eit møte med kommunen om saka, og det er semje om å reparere krossen og sette han opp att utanfor kyrkjemuren, om

lag der han stod. Det er eit fagfolk frå Arkeologisk museum i Stavanger som arbeider med å finne beste måten å reparere brotet på. Planen er at krossen skal setjast opp att neste år.



Kva er dette?

I Brekke kyrkje har soknerådet med fleire gått i gang med ein stor dugnad på toaletta inne i kyrkja. Det kjem nye og fine vegghengde toalett, og romma blir opp-pussa. Dermed blir det lettare å halde reint der. Mange har gitt gåver til denne opp-graderinga. Det er kome inn ca. kr. 20.000.- Tusen takk!

Haustdagar på Alværa



6.-8.september er det tid for dei årlege haustdagane på Alværa – haustdagar med bibeltimar og kveldsbøn, misjon og basar, god mat og prat. På haustdagane kan også dei som vil og har krefter, få høve til å ta i eit tak. Ute-

området vert klargjort for vinteren, så langt vi kjem. Vil du heller ta det med ro og/eller rusle ein tur, kan du gjere det med godt samvit. Det er òg høve til å vere med på delar av programmet. Påmelding til Alværa, 48990661 eller Toril Lange, 91689459, helst innan 1. september.



Neven

Eg går gjennom lyng og bregner,
og kjenner ei hand i mi;
eg kjenner kor fingrane klemmer
seg trygge og faste i.
Eg kjenner den vesle krafta
som ligg i ei barnehand
som fylgjer meg blindt i truskap
inn i eit ukjent land.

Neven er veik og liten,
men trua er sterk og stor,
om morgonen full av glade
og enkle små barneord.
Sola står høgt, og blommar
står raude på barnekinn,
mens bitte små støvlar tassar
ved sida av foten min.

Undrande, rare spørsmål
om biller og blom og bær
trillar or barnemunnen
som boblar og syng og ler:

Kvifor er bæra raude
når blomen er kvit som snø?
Og kven har sett lange venger
på fuglar og furefrø?

Kvifor står bjørka naken
mens me trengje vottar på?
Men kler seg i grønne trøyer
når folk hive kleda tå?
Men besten, - sjå kvite myra
som ropar forutan ord
og gaper med svarte munnen sin
stappande full av jord!

Og besten – må hjorten grina
når kalven blir skoten frå?
Men kvifor er vinden sterkast
når nymånen ligg på skrå?
Og korleis kan mauren finna
tilbake til tua si?

Er det eit fjell som pustar
når vinden tek kraftig i?

Heimatt i gråe kvelden
stilnar ein barnemunn,
og undrar på mangt og mykje
før augo får natteblind.
Men der, under stjernekelven
kjenner eg grepet i
ein veldig usynleg neve
som fylgjer ved sida mi.

Store og trygge hender
er gode å halda i
både for små og store
mens dagane rek forbi.
Utan ei hand ved sida,
med krefter som tryggjer deg,
kjenner du deg åleine
bortanfor stig og veg.

*Skrive av Jimmy Øvredal.
Sendt inn til bladet av ein lesar.*

Hjarteleg takk

Me vil takke alle som følgde vår kjære pappa, bestefar, oldefar og svigerfar Olav Nesse til grava den 8. januar, og for fine blomar.

Ole Espen, Sissel og Andres, Stian og Renate, Steffen, Vilde, Oda

Hjertelig takk

Hjertelig takk for all omtanke, varme ord, blomsterhilsen og deltaking ved vår kjære mor Astrid Kristine Bjørøy sin bortgang. Takk for gavene til Diamanten ved Gulen Sjukeheim. Takk til Diamanten for god pleie og omsorg. *Helsing Alf, Hans, Lilliann og Trond m/familier"*

Hjarteleg takk

Hjarteleg takk for omsorg blomar og kransar ved vår kjære syster og tante Signe Marie Anthonsen - alle sin tante Signe - sin bortgang og gravferd. Takk til dei som var med oss i Mjømna kyrkje. Takk for gaver til Gulen Sjukeheim RHB, der Signe fekk godt stell og budde siste året. *Aud Andreassen og Elsa Sonja Anthonsen med familier*

Hjarteleg takk

Hjarteleg takk for alle helsingar og blomehelsingar, all hjelp og omsorg i samband med Ove Nordgulen sin død og bisettelse. *Hildegunn, Øystein med fam, Jarle med fam, Henning med fam.*



Nytt frå kyrkjelydane

Døypte

BREKKE SOKN:

29.05.16: Solveig Bezerra Instefjord For. Ana Paula Bezerra Instefjord og Johannes Instefjord.

29.05.16: Veronica Bezerra Instefjord For. Ana Paula Bezerra Instefjord og Johannes Instefjord.

Vigde:

MJØMNA SOKN:

25.06.16: Ina Margrete Nordahl og Ole-Ivar Åm Sognnes. Vigde på Skjerjehamn.

13.08.16: Elisabeth Heggelund og Øyvind Kråkås.

GULEN SOKN:

02.07: Alette Haveland og Daniel Skifjell Larsen.

Døde:

MJØMNA SOKN:

23.06.16: Signe Marie Anthonsen, f. 1935

03.08.16: Kirsten Grimen, f. 1928.

GULEN SOKN:

16.05.16: Reinulf Haveland Smedmann, f. 1949.

03.07.16: Ove Kristoffer Nordgulen, f. 1933.

28.07.16: Magne Ivar Wesetvik f. 1938

29.07.16: Asbjørn Nordgulen, f. 1949.

06.08.16: Aslaug Jørgine Atterås f.1921.



KYRKJEKALENDEREN

NB! Endringer i gudstenestelista kan førekomme. Følg med i lokalavisene, på oppslag, på nettsidene til kyrkja og kommunen, og på Facebook.

04.09., 16. s. i treeiningstida:
Byrknes bedehuskapell kl. 11.00.
Sjå oppslag.

11.09., 17. s. i treeiningstida:
Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde. Konfirmantpresentasjon. Offer: Eige arbeid.

18.09., 18. s. i treeiningstida:
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde. Konfirmantpresentasjon. Offer: Eige arbeid.

25.09., 19. s. i treeiningstida:
Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde. Konfirmantpresentasjon. Offer: Kirkens SOS.

02.10., 20. s. i treeiningstida:
Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Audun Systad. Offer: Misjonæradopsjon.

16.10., 22. s. i treeiningstida:
Gulen kyrkje kl. 16.00 v/Jens Linde. Utdeling av bok til 4- og 6-åringar. Offer: Eige arbeid.

23.10., 23. s. i treeiningstida:
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde. Utdeling av bok til 4- og 6-åringar. Offer.

23.10., 23. s. i treeiningstida:
Brekke kyrkje kl. 16.00 v/Jens Linde. Utdeling av bok til 4- og 6-åringar. Offer: Sundagsskulen.

30.10., Bots- og bønnedag:
Visitasgudsteneste i Gulen kyrkje kl. 11.00 v/prestar, prost og biskop. Offer.

06.11., Helgemessesøndag:
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde. Offer.

06.11., Helgemessesøndag:
Gulen kyrkje kl. 16.30 v/Jens Linde. Offer.

13.11., 26. s. i treeiningstida:
Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde. Offer: Norsk lærarakademi.

20.11., Domssøndag/Kr. kongedag:
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Geir Sørebo. Offer.

27.11., 1. søndag i advent:
Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde. Offer: Søndagsskulen.

04.12., 2. s. i advent: Gudsteneste i samband med juleverkstad:
Risnehall, Brekke, kl. 15.30 v/Jens Linde. Sjå oppslag om verkstaden.

11.12., 3. s. i advent: Julekonsert
Mjømna kyrkje kl. 16.30:

Laurdag 17.12.: Julekonsert
Brekke kyrkje kl. 16.00.

18.12., 4. s. i advent: Julekonsert
Gulen kyrkje kl. 16.00. Offer: Eige arbeid.